



Olje- og energidepartementet

Dato: 09.02.2016
Vår ref.: 2014/88-3
Saksbehandlar: fradahl
Dykkar ref.:

Forslag til endringar i Industrikonsesjonsloven - høyring

Hordaland fylkeskommune (HFK) viser til notat om «Forslag til endring i industrikonsesjonsloven» som vart sendt på høyring 9. november 2015.

Saka vert lagt fram for handsaming på møte i Fylkesutvalet i Hordaland den 24. og 25. februar 2016. HFK tek atterhald om at Fylkesutvalet sin godkjenning og gjev følgjande førebels uttale innafør den høyringsfristen som er sett av Olje- og energidepartementet:

«HFK ser positivt på den utvikling som har skjedd etter dommen i EFTA-domstolen i 2007 som konkluderer med at Noregs praktisering av ulikt heimfall for privat og offentlege aktørar ikkje er i samsvar med EØS-avtalen. HFK er positiv til den konsolideringsmodellen som er vedtatt på grunn av at den sikrar og styrker det offentlege eigarskapet til vassfall og kraftverk, sikrar rammevilkåra og gir grunnlag for auka aktivitet i industrien.

Konsolideringsmodellen – sikring av offentlig eigarskap og vidare industriutvikling

Konsolideringsmodellen som vart innført gjennom «Provisorisk anordning om offentlig eierskap til vannkraften» den 10. august 2007 og Stortinget si handsaming av Ot. prp. nr 61 for (2007-08) vil styrke grunnprinsippet om offentlig eigarskap til vasskrafta. HFK ser på dette som rett utvikling for kraftnæringa.

At EFTA-domstolen aksepterer at offentlig eigarskap til vasskrafta er eit mål i seg sjølv inneber at Norge framleis kan ta vare på dei prinsipp som vart lagt til grunn i Industrikonsesjonsloven av 14. desember 1917. Det går fram frå sakshandsaminga i Stortinget i 1917 at vasskrafta sin betydning for samfunnet og ålmenta vart framheva gjennom lovvedtaket frå 1917 i høve til den tidlegare utviklinga der utanlandske kapitalinteresser hadde vært i marknaden for i sikre seg store norske vassfall.

HFK ser på ordningane i lovverket med heimfall, konsesjonskraft og konsesjonsavgifter som viktige prinsipp for å sikre at grunnrenta i kraftnæringa kjem ålmenta til gode på lang sikt.

I notatet som no er på høyring kan private eige inntil 1/3 av offentlege selskap som eig vassfall og kraftverk. Lovforslaget opnar for at private kan selje kraftverk til offentlege eigarar før heimfall og det offentlege selskapet kan få konsesjon utan tidsavgrensing og utan heimfall av vassfall og kraftverk. Det offentlege selskapet kan gje utbytte på slikt vis at den private minoritetseigaren får tilgang til krafta i høve til eigen eigardel og kan nytte krafta til industrielle føremål. Det vil følgjeleg vere mogleg å legge til rette for framtidig og vidare industriutvikling i Noreg. Dette er viktig for mange industristader som har einsidig

næringsgrunnlag og der det over tid har vist seg at å få til utvikling og omstilling i stort omfang er særskilt krevjande. HFK er positiv til denne ordninga.

Konsolideringsmodellen vil kunne sikre ein eigarstruktur basert på offentleg eigarskap på statleg, fylkeskommunal og kommunalt nivå og gi tilgang på elektrisk energi til industri føremål på gunstige vilkår utan at ein kjem i konflikt med EØS-retten. Industrien kan sikre seg mot framtidig prisauke på kraft gjennom inntil 1/3 eigardel i offentleg kontrollerte kraftselskap. HFK legg til grunn at dette vil gje kraftpriser som er konkurransedyktig for dei aktuelle industribedriftene og er positiv til denne utviklinga.

Utforming av deltakaravtale – behov for standard avtaler

HFK ser positivt på den moglegheit konsolideringsmodellen gjer men der er nokre tilhøve som det etter HFK si vurdering vil vere naudsynt å sjå nærare på. Dette gjeld kva for selskapsrettslege implikasjonar lovforslaget kan få.

Lovforslaget legg til grunn at eit selskap med uavgrensa ansvar organisert som ANS eller DA gjennom selskapsavtalen kan organiserast tilsvarende eit aksjeselskap i høve til mellom anna stemmegjeving. Ein må då mellom anna fråvike prinsippet om samstemmigheit ved avgjersle som gjeld for selskapsloven.

Det sentrale spørsmålet som treng avklaring er korleis selskapet kan organiserast (innhald i selskapsavtalen) i høve til at dei offentlege eigarane skal kunne ha kontroll og kunne utøve reelt offentleg eigarskap. I høyringsnotatet er det lagt til grunn at dette vert teke hand om ved konsesjonshandsaminga. Det kan vere slik at ulike selskapsavtaler vil kunne få ulikt innhald.

Slik HFK forstår saka vil dette krevje at selskapsavtalen for eit offentleg ansvarleg vasskraftselskap etter ANS- eller DA-modellen vil måtte avvike frå det som i dag er selskapsloven sin normal ordning.

HFK hadde sett det som ønskjeleg at det vert arbeidd fram standard avtalemal for privat minoritetsdeltaking i offentleg selskap etter ANS- og DA-modellen. Om det på førehand og før lovvedtaket vert avklart korleis ein slik selskapsavtale skal sjå ut vert det ikkje naudsynt med vanskelege vurderingar i høve til om dei krav loven sett er teke omsyn til.

HFK har god røynsle med nytting av slik standard avtaler i samband med uttak og levering av konsesjonskraft. Når fleire aktørar nyttar same avtale mal vil avklaringar både i og utanfor domstolane danne presedens for heile porteføljen av avtaler.

HFK – mogleg deltaking i offentleg ansvarleg selskap

HFK sitt engasjement innafor vasskraft er gjennom ordninga med konsesjonskraft og gjennom at HFK har styreplass i BKK og SKL som følgje av at selskapa på 1980-talet tok over den rett HFK fekk til deltaking med 35 prosent i Eidfjordutbygginga i Eidfjord kommune og Ulvik herad. HFK har ikkje noko eigardel i BKK og SKL sjølv om vi har styreplass i selskapa. Før energiloven av 1990 var ikkje omsetning av elektrisk energi basert på forretningsmessige prinsipp og det var derfor ikkje aktuelt for HFK på eiga hand å ta hand om eigardelen som var tilbydd. Engrosselskapa hadde plikt til oppdekking av elektrisk energi i høve til forbruket i konsesjonsområdet og det var då naturleg å gje rettane til deltaking i Eidfjordutbygginga vidare til desse to selskapa.

HFK mottek omlag 415 GWh konsesjonskraft. Krafta vert forvalta fysisk og finansielt og dette har gitt HFK netto inntekt på mellom 57 millionar (2015) og 146 millionar (2010) kroner årleg dei siste 10 åra. Dei siste par åra har inntekta frå forvaltninga av konsesjonskrafta gått sterkt ned på grunn av reduserte prisar på kraftmarknaden. Til og med 2012 vart det gjeve årleg tilskot til bygging av Hardangerbrua på 35 millionar

kronar årleg. Ut over detta har midlane blitt ført inn i den ordinære drifta til HFK som grovt sett er samferdsle, kollektivtransport, kultur og vidaregåande utdanning. HFK legg såleis til grunn at verdien av vasskrafta og konsesjonskrafta har kome ålmenta og samfunnet til gode.

HFK er positiv til og støtter opp under dei samfunnsmessige prinsipp retta mot industriutvikling og offentleg eigarskap som ligg til grunn for val av konsolideringsmodellen for offentleg eigde vasskraftselskap. Konsolideringsmodellen baserer seg på at kommunar og fylkeskommunar skal delta i slike selskap.

OM HFK skal ta del i eit offentleg eigd kraftselskap basert på konsolideringsmodellen vil det vere behov for å finansiere kjøp av slik eigardel. Slik eg ser det vil det vere problematisk å ta midlar frå den ordinære drifta av HFK for å bidra til oppretting av eit selskap. Her vil det vere behov for å vurdere og greie ut på moglege og alternative løysingar.

På dette området er HFK klar til å bidra for å kunne realisere av de samfunnsmessige effektar som ligg til grunn for konsolideringsmodellen.»



Anne Gine Hestetun
Fylkesordførar



Rune Haugsdal
Fylkesrådmann